

Karen Weichert
Areal- og samfunnsplanleggjar

Dato	Saksbehandler	Vår ref.	Deres ref.
08.05.2023	Wenche Hauglum	18/8 - 110	

MELDING OM VEDTAK

Revisjon av arealdelen til kommuneplanen - Høring og offentlig ettersyn

Kommunestyret - 030/23:

Det er gjort fylgjande vedtak i saka:

Framlegg til revidert arealdel til kommuneplan for Vik kommune 2023-2034 vert i medhald av pbl. § 11-14 sendt på høring og lagt ut til offentlig ettersyn. Arealbruksendringar vert lagt inn i samsvar med Rådmannen si tilråding som vist i tabellen under «vurdering». Rådmannen får mynde til å gjera mindre endringar i plandokumenta i samsvar med vedtaket før høring.

Innspela til føresegnene, frå Kystverket og Direktoratet for mineralforvaltning, vert tekne inni føresegnene.

Innspel nr. 17 Saltkjelnes, akvakultur: Endrar status til «UT».
(Grunngjeving: Viktig friluftsområde for sjøsport.)

Innspel nr. 25 Holum. Næring: Endrar status til «INN». Dette gjeld området nord for fylkesvegen. Området sør for fylkesvegen skal tilbake til LNF.
(Grunngjeving: Mål: Egna areal for næring i alle sokn. Mål om landbasert oppdrett av fisk.)

Mot 6 røyster (Siri Wølneberg Bøthun (SP), Eivind Helleland (SP), Ronny Holen (SP), Tommy Halset (SP), Annette Refsdal (SP), Harald Even Fosse (SP))



Med helsing

Geir Svendsen
Konstituert rådmann

Wenche Hauglum
Politisk sekretær

Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift



Sakspapir

Saksnr.	Utval	Møtedato
030/23	Kommunestyret	04.05.2023

Sakshandsamar	Arkiv	Arkivsaksnr.
Karen Weichert	K2-L12	18/8

Revisjon av arealdelen til kommuneplanen - Høring og offentlig ettersyn

Rådmannen si tilråding

Framlegg til revidert arealdel til kommuneplan for Vik kommune 2023-2034 vert i medhald av pbl. § 11-14 sendt på høring og lagt ut til offentlig ettersyn. Arealbruksendringar vert lagt inn i samsvar med Rådmannen si tilråding som vist i tabellen under «vurdering». Rådmannen får mynde til å gjera mindre endringar i plandokumenta i samsvar med vedtaket før høring.

Kommunestyret - 030/23

Kommunalsjef Britt-Marit Stadheim, kommunalsjef Gudveig Tryti, kommunalsjef Ole Petter Ramberg, kommunalsjef Espen Skjerven Holen, rådgjevar Veronika Seim Bech, rådgjevar Karen Weichert og tenesteleiar Mats Sæterlid deltok under handsaming av saka.

Werner Madsgård ba om gruppemøte, og kommunestyret tok 10 minuttar gruppemøte.

Jens Andreas Melheim (AP) la fram følgjande framlegg til endringar:

Innspel nr. 17 Saltkjelnes, akvakultur: Endrar status til "UT".
(Grunngjeving: Viktig friluftsområde for sjøsport.)

Innspel nr. 25 Holum. Næring: Endrar status til «INN». Dette gjeld området nord for fylkesvegen. Området sør for fylkesvegen skal tilbake til LNF.
(Grunngjeving: Mål: Egna areal for næring i alle sokn. Mål om landbasert oppdrett av fisk.)

Siri Wølneberg Bøthun (SP) la fram følgjande framlegg til vedtak:

"Handsaming av utlegging av kommuneplanen sin arealdel på offentlig høring vert utsett. Planen leggjast fram for planutvalet dvs. formannskapet i møte 8. juni.



Grunngjeving: Senterpartiet meiner politkarane ikkje har hatt tilstrekkeleg høve til å setje seg inn i ei så kompleks sak, som skal legge sær viktige føringar for utviklinga i kommunen i 12 år framover. Prosessane fram til framlegget til kommunestyret har vore for svake og tid til å setje seg inn i dokumenta har vore for knapp. "

Bøthun sitt framlegg om utsetja saka vart sett under røysting og fall mot 7 "røyster" (Siri Wølneberg Bøthun (SP), Eivind Helleland (SP), Ronny Holen (SP), Tommy Halset (SP), Annette Refsdal (SP), Harald Even Fosse (SP), Bjørg Fritsvold (SV)).

Siri Wølneberg Bøthun (SP) ba om følgjande protokolltilførsel:

«Planframlegget er ikkje handsama i planutvalet. Det har heller ikkje vore lagt fram for regionalt planforum. Me har, som politikarar, berre hatt det fulle planframlegget tilgjengeleg i 5 dagar, av desse, berre 2 verkedagar. Senterpartiet meiner dette ikkje er tilstrekkeleg til å setje seg inn i ei så kompleks sak, som skal legge føringar for utviklinga i kommunen i 12 år framover. Me kan ikkje ta det politiske ansvaret for prioriteringar og føringar i planframlegget, og tek atterhald om at me kan kome med forslag til endringar i plandokumentet og føresegnene under høyringa.»

Siri Wølneberg Bøthun (SP) ba om gruppemøte, og kommunestyret tok 10 minuttar.

Rådmannen endra sitt framlegg til:

"Framlegg til revidert arealdel til kommuneplan for Vik kommune 2023-2034 vert i medhald av pbl. § 11-14 sendt på høyring og lagt ut til offentleg ettersyn. Arealbruksendringar vert lagt inn i samsvar med Rådmannen si tilråding som vist i tabellen under «vurdering». Rådmannen får mynde til å gjera mindre endringar i plandokumenta i samsvar med vedtaket før høyring.

Innspela til føresegnene, frå Kystverket og Direktoratet for mineralforvaltning, vert tekne inni føresegnene."

Framlegga frå Jens Andres Melheim vart sett under røysting og vedtekte samrøystes.

Rådmannen sitt endra framlegg, med vedtekte endringar etter framlegga til Melheim, vart sett under røysting og vedtekte mot 6 røyster (Siri Wølneberg Bøthun (SP), Eivind Helleland (SP), Ronny Holen (SP), Tommy Halset (SP), Annette Refsdal (SP), Harald Even Fosse (SP))



KS - vedtak:

Framlegg til revidert arealdel til kommuneplan for Vik kommune 2023-2034 vert i medhald av pbl. § 11-14 sendt på høyring og lagt ut til offentleg ettersyn. Arealbruksendringar vert lagt inn i samsvar med Rådmannen si tilråding som vist i tabellen under «vurdering». Rådmannen får mynde til å gjera mindre endringar i plandokumenta i samsvar med vedtaket før høyring.

Innspela til føresegnene, frå Kystverket og Direktoratet for mineralforvaltning, vert tekne inni føresegnene.

Innspel nr. 17 Saltkjelnes, akvakultur: Endrar status til “UT”.
(Grunngjeving: Viktig friluftsområde for sjøsport.)

Innspel nr. 25 Holum. Næring: Endrar status til «INN». Dette gjeld området nord for fylkesvegen. Området sør for fylkesvegen skal tilbake til LNF.
(Grunngjeving: Mål: Egna areal for næring i alle sokn. Mål om landbasert oppdrett av fisk.)

Mot 6 røyster (Siri Wølneberg Bøthun (SP), Eivind Helleland (SP), Ronny Holen (SP), Tommy Halset (SP), Annette Refsdal (SP), Harald Even Fosse (SP))

Vedlegg		
Dokument dato	Tittel	DokID
27.04.2023	Indrefjorden-Tenne	262970
27.04.2023	Framfjorden	262971
27.04.2023	Røyrvik-Svardal	262972
27.04.2023	Vik	262973
27.04.2023	Djuvik-Tveit	262974
27.04.2023	VAngsnes	262975
27.04.2023	Feios	262976
27.04.2023	Fresvik	262977
27.04.2023	20230418_KPA_Vik_Utkast_2023	262978
27.04.2023	20230426_KU&ROS_KPA_Vik	262979
27.04.2023	Høyringsdokument 2023 KPA Vik foereseegner	262980
	Vedlegg_innspel	

Kort samandrag

Framlegg til revidert arealdel i kommuneplan for Vik kommune 2023-2034, er klargjort frå Rådmannen for politisk handsaming og utlegging til høyring og offentleg ettersyn. Kommunestyret har mynde til å gjera vedtak om utlegging.

Aktuelle lover, forskrifter, avtaler m.m

Plan- og bygningsloven (pbl) og forskrift om konsekvensutgreiing

Saksopplysningar

Framlegg til revidert arealdel i kommuneplan for Vik kommune 2023-2034 er klargjort frå Rådmannen for politisk handsaming og utlegging til høyring og offentleg ettersyn. Gjeldande arealdel i kommuneplanen (KPA 14) vart vedteken i 2014. Revidert plan har ein tidshorisont på 12 år (2023-2034).

Kommunestyret vedtok oppstart av planrevisjon i samband med vedtak av kommunal planstrategi 16.02.2017. I januar 2018 vart planprogrammet for planrevisjonen lagt ut på høyring og offentleg ettersyn, samtidig som kommunen varsla oppstart av planarbeidet. I juni 2018 vedtok kommunestyret planprogrammet, og i etterkant av dette vart det sendt ut både kunngjering om fastsett planprogram og invitasjon til å komme med innspel til revisjonen av arealdelen.

Hausten 2018 vart det pause i planarbeidet pga. at andre viktige planarbeid måtte prioriterast.

I ny kommunal planstrategi vedteken i februar 2021 vedtok kommunestyret at revisjonen av arealdelen skulle halda fram, og i april 2022 starta Rådmannen opp att planarbeidet. Det vart sendt ut nytt varsel om oppstart av planarbeid med invitasjon til å komme med innspel til revisjonen av arealdelen. Innspela frå 2018 vart også teke med vidare. Statsforvaltaren i Vestland kom med innspel om at deler av planprogrammet (fastsett i 2018) var noko utdatert i høve nasjonale og regionale føringar. Styringsgruppa/formannskapet vedtok 23.06.2022 at det skulle utarbeidast eit tilleggsnotat til planprogrammet for å kunne svare ut innspelet frå statsforvaltaren. Tilleggsnotatet vart drøfta i styringsgruppa/formannskapet i oktober 2022. Tilleggsnotatet vart også sendt til statsforvaltaren til orientering.

I november 2022 handsama styringsgruppa/formannskapet innspel til endra arealbruk og sila ut innspela som skulle vidare til konsekvensutgreiing (KU). Frå januar til mars 2023 jobba plankonsulent med KU og risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS-analyse) for dei aktuelle innspela (26 stk.).

I framdriftsplanen er det eit mål å bli ferdig med planrevisjonen innan noverande kommunestyreperiode. For å nå dette målet bør revidert plan leggast ut på høyring og offentleg ettersyn i mai 2023. Etersom neste planlagt kommunestyremøtet var sett opp 22.06.2023 vart dette for seint. I formannskapsmøtet 09.03.2023, sak 025/23, kom Rådmannen med tilråding om at kommunestyret skulle gi formannskapet mynde til å legge den reviderte arealdelen til kommuneplanen ut på høyring og offentleg ettersyn. Formannskapet vedtok i staden eit ekstra møte i kommunestyret 04.05.2023 med handsaming av høyringssaka til arealdelen. Det har vore to drøftingsmøte med Statsforvaltaren i Vestland 18. og 19. april 2023. Utkast til revidert arealdel vart sendt over i forkant av møta.



Statsforvaltaren var i hovudsak oppteiken av tre tema: Jordvern, strandsone og villrein. Statsforvaltaren påpeika at det er viktig at planen ikkje går imot nasjonale føringar for desse temaa. Formannskapet blei i møtet 27.04.2023 orientert om resultat frå møta og arbeidet med arealdelrevisjonen.

Kommunestyret kan no vedta å leggja revidert plan ut på høyring og offentleg ettersyn. Høyringsperioden skal vera i minimum 6 veker. Høyringa og offentleg ettersyn vert varsla med annonse i Sogn Avis og på kommunen sine nettsider. Offentlege instansar vert i tillegg varsla direkte med brev. Rådmannen legg opp til eit ope folkemøte i høyringsperioden.

Etter at høyringsfristen har gått ut skal Rådmannen handsama innkomne merknader og eventuelle motsegner. Større endringar, som fylgje av innkomne merknader eller tilpassing for å unngå motsegn, vil kunne krevje ny høyring og offentleg ettersyn eller eventuelt ei avgrensa høyring. Dersom innkomne merknader berre fører til mindre endringar er det lagt opp til handsaming av den reviderte arealdelen i formannskapet 24.08.2023 og vedtak i kommunestyret 07.09.2023.

Kommunal planstrategi (2021) og fastsett planprogram (2018) stadfestar at hovudføringane for arealdelrevisjonen er:

- Fokusområde for revisjonen er nye område for bustader og for næringsformål, med hovudvekt på hovudsoknet
- Arealstrategien i KPA 14 skal liggja fast
- Fjellområda: Det er forutsett vidareføring av arealbruk i samsvar med interkommunal kommunedelplan for Fjellheimen villreinområde og med reglane i verneforskrifta for både Stølsheimen og Nærøyfjorden landskapsvernområde.

Den reviderte arealdelen inneheld fylgjande hovuddokument:

- Planomtale
- Planføresegner og retningslinjer
- Plankart

Dokumenta ligg som vedlegg til saksframlegget. Vedlagt ligg også KU og ROS-analyse, der alle forslag til ny arealbruk er konsekvensutgreidd.

Fram til og med april 2023 har plankonsulent hatt hovudansvaret for både å utarbeide KU og ROS-analysen, revidert plankart og planføresegnene. Rådmannen har hatt hovudansvaret for å revidere planomtalen.

Økonomiske konsekvensar

Ingen direkte økonomiske konsekvensar



Vurdering

Revisjonen av arealdelen til kommuneplanen har vore krevjande og strekt seg over lang tid. Det var naudsynt med mange oppdateringar slik at plandokumenta samsvarar med nye karttekniske krav, nye krav i lovverk og retningslinjer. Samtidig skal ny arealdel legge til rette for ein arealbruk som er framtidsretta for kommunen. Dette inneber både ei vurdering av om byggeareal kan vidareførast i lys av nye føringar og ev. tilbakeføring av ikkje-utbygde areal til LNF, innføring av nye arealføremål og justering av eksisterande arealføremål.

Under følgjer ei enkel oversikt over hovudendringane i planomtalen, plankartet og føresegnene samt retningslinjer. Til slutt er det laga ein oversikt over arealbruksendringane som er konsekvensutgreidd og Rådmannen si tilråding i forhold til om areala skal takast inn i revidert arealdel eller ikkje.

Planomtalen

Planomtalen er skilt ut som eit eige frittstående tekstdokument. Det er gjort strukturelle endringar i dokumentet og supplert med nye kapittel for å tilfredsstille dagens krav til planomtale. Planomtalen er delt inn i 6 kapittel, i tillegg til vedlegget med KU og ROS-analysen. Alle vesentlege endringar i høve planomtale til KPA 14 er markert med raud skrift.

I kapittel 1: «Bakgrunn og rammer», og kapittel 2: «Lovgrunnlag og føringar» er teksten oppdatert i høve innhaldet i den nye arealdelen og gjeldande lovgrunnlag og føringar er lagt inn.

I kapittel 3: «Viktige omsyn i planlegging» er det lagt inn nokre nye tema som har vorte aktuelle sidan førre vedtak av arealdelen. Dette gjeld temaa:

- 3.1 Berekraft
- 3.2 Klima og arealbruk
- 3.4 Rikspolitiske retningslinjer for verna vassdrag
- 3.8 Vidareføring av ikkje-utbygde utbyggingsområde i gjeldande arealdel

For 3.8 «Vidareføring av ikkje-utbygde utbyggingsområde i gjeldande arealdel» er det vist ein tabell som gir oversikt over ikkje-utbygde utbyggingsområde i KPA 14, status for desse og ei vurdering av om heile eller deler av arealføremålet kan vidareførast eller bør tilbakeførast til LNF-føremålet.

I tillegg gjer dette kapittelet også greie for tema som var inkludert i førre planomtale, men som no er tydeleggjort som eigne tema. Dette gjeld temaa:

- 3.3 Arealrekneskap
- 3.5 Byggjegrænse mot sjø i vedtekne reguleringsplanar
- 3.6 Strandsone og byggjegrænse mot sjø og vassdrag
- 3.7 Vidareføring av reguleringsplanar
- 3.9 Villrein
- 3.10 Andre viktige tema



I kapittel 4: «Eksisterande tilhøve» blir det gjort greie for status for kommunen og utviklingstrekk i busettingsmønster og folketalsutvikling. Innhaldet er oppdatert i høve pågåande planrevisjon.

I kapittel 5: «Planframlegget» blir det gjeve eit oversyn over innhaldet i den nye arealdelen til kommuneplanen. For kvart arealføremål er det i lista opp alle areal som er avsette til dei ulike føremål i planen. Nye område lagd til i 2023 er gjort synlege og har på plankartet arealbruksstatus «framtidig». Endringar er skildra og grunngjeven.

Kapittelet gir også ein oversikt over alle omsynssoner, der nye eller endra omsynssoner er markerte. I kapittel 5.7 er det liste over alle gjeldande reguleringsplanar. Til slutt er det i kap. 5.8 er dei viktigaste endringane i ny arealdel oppsummerte, og det er forklart korleis overordna føringar er ivaretekne.

I kapittel 6: «Samandrag: Konsekvensutgreiing og ROS-analyse» blir det gitt eit samandrag av KU og ROS-analyse for planen sin samla verknad.

Plankart

Plankartet er, saman med føresegnene, juridisk bindande for framtidig arealbruk (pbl § 11-6). I plankartet er det gjort fleire karttekniske endringar slik at kartet samsvarar med gjeldande karttekniske krav. Nokre karttekniske endringar står enno att, og plankartet vil verta utbetra fortløpande fram til planframlegget vert lagt ut på høyring og offentleg ettersyn. I vedlagt kart er alle forslag til arealbruksendringar lagt inn. Etter vedtak om å legge planen ut på høyring og offentleg ettersyn vert arealbruksendringar som ikkje er i samsvar med vedtaket teke ut.

Arealformål i gjeldande KPA 14 er lagt inn med arealstatus «noverande» og nye arealformål får status «framtidige».

Tilbakeføring av byggeformål til LNF er gjort i samsvar med vurderingar i planomtalen kapittel 3.8 «Vidareføring av ikkje-utbygde utbyggingsområde i gjeldande arealdel».

I samsvar med gjeldande krav er det lagt inn omsynssoner for skred og flaum. I KPA 14 låg dette på eigne temakart. Det er også lagt inn omsynssone for støy, mineralressursar og landbruk (kjerneområde landbruk).

Alle vedtekne reguleringsplanar etter sist vedtak av KPA 14 er lagt inn med omsynssone og utan arealformål under, i samsvar med gjeldande karttekniske krav.

Føresegner og retningsliner

Føresegnene er, saman med plankartet, juridisk bindande for framtidig arealbruk (pbl § 11-6). Det er gjort nokre strukturelle endringar i dokumentet for å tilpasse føresegnene til innhaldet i den nye arealdelen til kommuneplanen. Nokre endringar er av meir teknisk karakter, t. d. tilpassing til endringar i lovverk og retningsliner. Alle endringar i høve gjeldande føresegner (KPA 14) er gjort synleg med raud skrift.



Føresegnene inneheld både generelle føresegner som gjeld for fleire arealbruksføremål, og særskilte føresegner knytt til konkrete arealbruksføremål. Føresegnene gjeld ikkje for område der eksisterande reguleringsplan skal gjelda framfor kommuneplanen (omsynssoner etter § 11-8,f).

Dei mest vesentlege endringane er lista opp under:

Generelle føresegner 1.11 «Handtering av overvatn» er ny og set krav til utgreiing og handtering av overvatn i plansaker.

Føresegn 2.2.2 «Utnyttingsgrad i nye område for bustader» viser utnyttingsgrad for alle nye område for bustader i kommunen.

Under føresegn 2.8 «Næringsområde» er det lagt inn nye føresegner tilpassa forslag til nye næringsareal i kommunen.

Føresegn 2.10.1 «Generelle føresegn for naust»: Her er det lagt inn ei endring der krav til grunnflate går frå 50 til 40 m² og vindaugsareal skal ikkje overstige 3% av hovudplanet sitt bruksareal.

Føresegn 3.2 «Avkøyrslar» er endra slik at det er tydeleg at avkøyrslar frå riks- og fylkesvegar skal godkjennast av nasjonalt vegmynde.

Føresegn 5.2 «Byggegrense i strandsona for tiltak i landbruket»: Endring er lagt inn slik at det med bakgrunn i naturhendingar eller brann kan gjevast løyve til restaurering eller nyoppføring av eksisterande bygg i 100-metersbeltet.

Føresegn 5.4 «Spreidd hyttebygging»: Her er informasjon om dei aktuelle områda oppdatert.

For føresegn 7, «Omsynssoner» er det, i samsvar med krav til KPA, lagt inn nye omsynssoner i plankartet med tilhøyrande nye føresegner. Tidlegare har nokre omsynssoner, slik som faresone flaum og skred, vore vist på eigne temakart. Desse er no lag inn i plankartet. Samla sett er det lagt inn 6 nye omsynssoner i plankartet med tilhøyrande føresegner eller retningslinjer:

- 7.1.2 Støysoner (H210 og H220)
- 7.1.3 Faresone skred (H310)
- 7.1.4 Faresone flaum langs Vikja og Hopra (H320)
- 7.1.5 Faresone høgspente (H370)

- 7.2.1 Omsyn landbruk (H510) – utgjør kjerneområde landbruk
- 7.2.6 Omsyn mineralressursar (H590) – gjeld grus- og pukkrressursar

I tillegg til nye omsynssoner er det gjort oppdateringar av 3 eksisterande omsynssoner:



- 7.2.2 Omsyn nasjonalt villreinområde (H520)
- 7.2.3 Omsyn friluftsliv (H530)
- 7.2.5 Omsyn kulturmiljø (H570)

I føresegn 7.4.1 er det gjort greie for kva for område der eksisterande reguleringsplanar skal gjelda uendra. I plankartet er desse områda vist som omsynssone H910.

Til sist i tekstdokumentet kjem kapittel 8. «Retningslinjer». Retningslinjene legg føringar for for administrasjonen ved handsaming av plan- og byggesaker. For 8.2. Dispensasjon for bustadbygging i LNF-område er hovudpunkta vidareførte, det er berre lagt inn mindre oppdateringar.

Arealbruksendringar – KU og ROS-analyse

For revisjon av arealdelen til kommuneplanen er det krav om KU for utbygging av nye område eller vesentleg endra arealbruk i utbygdeområde . Konsekvensutgreiinga skal gjera greie for verknadane for miljø og samfunn. ROS-analysen er ein del av konsekvensutgreiinga for kvart einskild innspel. Metode for konsekvensutgreiinga og sjølve konsekvensutgreiingane for kvar einskild innspel er å finne i vedlagt dokument: «Arealdel til kommuneplan for Vik kommune, 2023-2033. Konsekvensutgreiing & ROS».

For kvart innspel er det til slutt i konsekvensutgreiinga laga ein samla vurdering frå plankonsulenten. I tillegg er det lagt inn ein konklusjon frå Vik kommune, med Rådmannen si tilråding om at området vert lag inn i revidert arealdel i kommuneplanen (markert med grøn bakgrunnsfarge) eller at området ikkje vert lagt inn i revidert arealdel i kommuneplanen (markert med raud bakgrunnsfarge).

Under fylgjer ein enkel oversikt over dei 26 innspela og Rådmannen si vurdering. Innspela er lista opp i same rekkefølge som dei er konsekvensutgreidd i kapittel 3 «Vurdering av framlegg til ny arealbruk», i vedlegget «Arealdel til kommuneplan for Vik kommune, 2023-2033. Konsekvensutgreiing & ROS».



Nr.	KU-nr.	Lokasjon	Føreslege arealføremål	Merknad	
Arnafjorden og Strendene					
01	Akv 1	Husstavenes	Akvakultur	Utviding av eksist. føremål	INN
02	Akv 2	Eitrestrondi	Akvakultur	Utviding av eksist. føremål	INN
03	Akv 3	Vetlesand/Indrebø	Akvakultur	Nytt føremål	UT
04	Akv 4	Supaviki	Akvakultur	Nytt føremål	UT
05	BA 1	Limmesand	Bygg og anlegg	Utviding av eksist. føremål	INN
06	N 1	Rausteinane (Framfjorden)	Naust	Nytt føremål	UT
07	N 2	Limmesand	Naust	Nytt føremål	INN
08	R 1	Rundøyri	Campingplass	Nytt føremål	INN
Vik hovudsokn					
09	B 1	Hønsi	Bustad	Nytt føremål	INN
10	GS 1	Sæbø	G/S-veg		INN
11	I 1	Dalastølane/Refsdal	Industri	Nytt føremål	INN
12	M 1	Hamnen	Molo	Nytt føremål	INN
13	N 3	Bjønnahiet	Naust	Utviding av eksist. føremål	INN
14	NÆ 1	Teigane	Næring	Nytt føremål	UT
Vangsnes					
15	D 1	Sør for Eliasbakken	Deponi	Nytt føremål	UT
16	I 2	Austre del Vangsnes	Industri	Utviding av eksist. føremål	INN
Fresvik					
17	Akv 5	Saltkjelnes	Akvakultur	Nytt føremål	INN
18	B 2	Bjørnetun	Bustad	Flytte eksisterande bustadføremål frå vestsida av Storevegen til austsida.	INN
19	FB 1	Skard	Fritidsbustad	Nytt føremål, men område alt delt inn i tomter	INN
20	FR 1	Fresvik sentrum	Friområde	Utviding av eksist. føremål	INN
21	FR 2	Strondi	Friområde	Nytt føremål, eksist. badeplass.	INN
22	FR 3	Skard	Friområde	Nytt føremål, gjeldande føremål: parkering	INN
23	H 1	Fresvik sentrum	Hamn	Nytt føremål	INN
24	ID 1	Skard	Idrettsføremål	Nytt føremål	INN
25	NÆ 2	Holum	Næring	Nytt føremål	UT
26	S 1	Fresvik Sentrum	Sentrumsføremål	Utviding av eksist. føremål	INN

